

og Fiskarlagets Servicekontor as, avd. Vest

Bergen, 03.11.09

Vår ref. b.1066/09/BSI/5.0

Norges Fiskarlag
Pirsenteret
7462 Trondheim

T E L E F A K S

**FORSLAG TIL ENDRING AV FORSKRIFT AV 4. MARS 2006 § 15 OM
SLUMPFISKORDNING.**

Styret i Fiskarlaget Vest handsama ovannemnde som sak 100/09 i sitt telefonmøte 02.11.09, og fatta følgjande vedtak:

”Styret i Fiskarlaget Vest ser positivt på at det finst ei slumpfiskordning for havfiskeflåten. Hensikten er å fiske opp ”slumpar” som elles ikkje ville bli fiska på grunn av manglande eller marginal lønsemd ved å ta fartøyet ut på ein siste tur for sesongen.

Styret i Fiskarlaget Vest går inn for at hovudpunkta i gjeldande ordning blir vidareført, men ein støttar forslaget frå Fiskeri- og kystdepartementet (FKD) når det gjeld at startdatoen for når fiske på slumpkvotar av torsk kan starte blir fjerna.

Det inneber at inntil 20% av kvoten av spesielle fiskeslag kan fiskast av anna fartøy i same gruppe etter at avgjevande fartøy sjølv har fiska minst 50% av kvoten sin. Avgjevande fartøy kan ikkje nyttast i direktefiske i dette fiskeriet etter at mottakande fartøy er starta fisket på kvoten.

Styret meiner at slumpfiskekvoten bør kunne aukast frå 20% til 30% under forutsetning av at vilkåra i 2. avsnitt blir fulgt.”

Med helsing
Fiskarlaget Vest


Britt Sæle Instebo

Kopi: Samarbeidsrådet Sør